



Frå avslutningsshowet (Foto: Kristin Lamberg)

Korpssamlinga Hot'n Funky som Sindre Aksnes og Vegard Døssland frå Uskedal skulemusikk deltok på i vinterferien, vart ei flott og opplevingsrik veke for deltakarane.

Til saman var 55 dansarar og musikarar samla, og blant desse var og brørne Sebastian og Marius L. Torjusen frå Rosendal og Joar K. Berg frå Husnes



Fire av deltakarane var frå Kvinnherad. Frå venstre Vegard, Marius, Sebastian og Joar. Sindre var ikkje til stades då biletet vart teke (Foto:Kristin Lamberg)

Hot'n Funky er ein del av utvekslingsprogrammet Bands Crossing Borders, og samarbeidet som er etablert med sør-afrikanske Field Band Foundation.

I vinterferieveka var 4 sør-afrikanske musikkinstruktører, som dette året er elever ved Toneheim Folkehøgskole, og 1 danseinstruktør som kom direkte frå Sør-Afrika, i aktivitet. I tillegg var det tre norske instruktører, som alle kan sjå tilbake på utvekslingsperiodar i Sør-Afrika.



Sindre under paraden på Torgalmenningen fredag. (Foto: Kristin Lamberg)

Dei afrikanske field-banda, lagar verkeleg show ut av musikken. Dei marsjerar slett ikkje berre rett fram. Dei kombinerar den rytmiske musikken med artig og stilig formasjonsbevegelse, dans og ein solid dose humor. All speling skjer utan notar.



Marimbaorkester med Marius i midten. (Foto: Kristin Lamberg)

Gjennom veka var det knallharde øvingsøkter for at alt skulle vera på plass til paradeshow på Torgallmenningen fredag, og avslutningsshowet i Askøy Forum lørdag.

Det var øving frå 9 om morgonen til kl 21 om kvelden, og deltakarar kunne fortelja at sør-afrikanarane la stor vekt på disiplin. – Det likte vi, vi visste kva vi hadde å forhalda oss til, og det var heilt nødvendig for å nå måla, var deltakarane sitt samstemde syn på det.

I tillegg til undervisning i dans, formasjonsbevegelse og musikk, var det og fyldig med informasjonar om kulturar i andre deler av verdssamfunnet. Det har blitt fokusert på forholdet mellom nord og sør, eksempelvisert mellom anna med informasjon om Norge, Sør-Afrika, Guatemala og Cuba. Respekt og rettferd har vore kjerneverdiane gjennom heile opplegget.

Både paradeshowet på Torgallmenningen i forkant av premieren på filmen Orps The Movie og avslutningsshowet i Askøy Forum lørdag samla store publikumsmassar. I begge tilfelle imponerte aktørane publikum. Her fekk ein døme på kor flotte opplevingar det gjev når folk frå ulike kulturar samarbeider. Vi fekk m.a. oppleve nokre av ungdommane i eit velklingande afrikansk marimbaorkester. Marius var ein av musikarane i dette.

Mediainteressa for den første Field Band-samlinga i Norge har vore stor. – Vi har "vassa" i kamerafolk heile veka, fortalde nokre av deltakarane. Så har det og resultert innslag både i vestlandsrevyen, Sveip, Norge Rundt, i radio og i mange av dei store avisene.

Og ikkje nok med det; førstkommande fredag vert det eit nytt innslag på Norge Rundt. Då vert det gjort kjent namnet på 2 av deltakarane som skal besøkje Field Band Foundation i Sør-Afrika i juli, og vi kan røpa at dei eine av dei er ein flott representant for korpsungdommane i Sunnhordland.

Dersom de har gått glipp av TV-innslaga, finn de nokre av dei på www.musikkorps.no.

Av Thor Inge Døssland